

FORSKRIFT FOR FEIING OG TILSYN 2017

Heimel

Lokal forskrift for gebyr og gjennomføring av feiing og tilsyn er fastsett med heimel i § 28 i lov av 14 juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker, samt i § 7-5 i forskrift for førebyggjande tiltak og tilsyn av 2.juli 2002

Innleiing

Ny lov og forskrift av 2002 har etter måten detaljerte reglar for feie og tilsynstenesta i kommunane. Desse går fram av kapittel 7 i forskriftene om brannførebyggjande tiltak og tilsyn. Tilsyn skal skje minimum kvart 4. år. Feiing skal skje etter behov. Etter § 7-3 i forskrifta kan kommunestyret fastsette om og kor ofte feiing og tilsyn skal gjennomførast i bygg som er i bruk korte delar av året. Vidare kan kommunestyret etter § 7-5 vedta gebyr for gjennomføring av lovbestemt tilsyn og feiing.

Forskrifta

§1 Virkeområde

Forskrifta gjeld heile Sandøy kommune og omfattar lovbestemt tilsyn og feiing i alle bustadhus med fyringsanlegg tilknytt skorstein. Ved eventuell fråkopling av fyringsanlegg gjeld forskrifta til kommunen har motteke skriftleg melding om det.

§ 2 Hyppigheit

Tilsyn skal haldast kvart 4. år. Feiing skal normalt utførast annakvart år. Etter vurdering under tilsynet kan dette fråvikast, men ikkje meir enn minimumskrava i sentral forskrift.

§3 Fritidsbustader

Eigarar av fritidsbustader kan teikne abonnement på feiing/tilsyn. Abonnementet gjeld normalt tilsyn og feiing kvart 4. år.

§ 4 Gebyrsatsar

For feiing og tilsyn skal det betalast følgjande satsar:

Bustadhus: kr 661,89 + mva pr. år.

Fritidsbustad: kr 424,45 + mva pr. år.

Kommunestyret kan vedta endringar kvart år.

§ 5 Varsel om feiing/tilsyn

Eigar av bygg blir skriftleg varsla 1-2 dagar før feiing/tilsyn. I tillegg blir det utsendt generelt førehandsvarsel pr. post ca. 1-2 veker før feie-/tilsynsrunde.

Denne varslingsrutina dannar grunnlaget for gebyret. Dersom feiing/tilsyn på grunn av forhold som ikkje skuldast feietenesta ikkje blir utført, skal det likevel krevjast gebyr etter satsane.

§ 6 Innkrevjing av gebyr

Gebyr blir kravd 4 gonger pr. år og på etterskot.

Krav om gebyr er sikra ved lovbestemt pant etter lov om 8. februar 1980 nr. 2 § 6-1.

Vidare gjeld lov av 6. juni 1975 nr. 29 § 26 og § 27 for renteplikt m.m ved for sein betaling.

§ 7 Forskrifta trer i kraft.

Forskrifta gjeld frå den tid kommunestyret har vedteke.

Vedtak: K-sak 2015/46